

## **Tabell 2-fk**

### **Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2025 (kap. 572, post 60)**

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at saker med ei særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 11 i tabell C-flk). Deretter blir rammetilskotet fordelt om mellom fylkeskommunane gjennom utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og overgangsordninga.

Inntektsutjamninga for 2025 inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde fylkeskommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2026. Utgiftsutjamninga og inntektsutjamninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Det blir kvart år gjort korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå, nye oppgåver, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2025 er viste i innleiinga og er omtala nærmere i Prop. 1 S (2024–2025) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamninga, blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. juli 2024. Inntektsutjamninga blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. januar 2025.

### **Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling**

Kolonne 1 viser løyinga på kap. 572, post 60 før omfordeling, etter at saker med ei særskild fordeling (tabell C-flk) er trekte frå. Løvinga på kap. 572, post 60 er i alt 51,086 mrd. kroner. Av dette blir om lag 5,5 mrd. kroner gjeve med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar per 1. juli 2024 til alle fylkeskommunane. For 2025 er innbyggjartilskotet før omfordeling 8 185 kroner per innbyggjar (ekskl. saker med særskild fordeling i tabell C).

### **Kolonne 2 – Utgiftsutjamning**

Kolonne 2 viser omfordelinga i utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er nærmere dokumentert i tabell A-flk.

### **Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling**

Kolonne 3 viser summen av dei 10 sakene med ei særskild fordeling i 2025. Fordelinga som kjem fram i kolonnen er nærmere dokumentert i tabell C-flk.

### **Kolonne 4 – Overgangsordning, nytt inntektssystem 2024**

Kolonne 4 viser overgangsordninga for innføring av nytt inntektssystem frå og med 2024. Dei samla fordelingsverknadane ved nytt inntektssystem i 2024, medrekna effekten av kompensasjonsordninga (tabell C-flk, kolonne 10), vert gradvis fasa inn gjennom ei overgangsordning på fire år. Fylkeskommunar som fekk redusert rammetilskot som følgje av

endringane i 2024 får att 2/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2025.

Fylkeskommunar som får auka rammetilskot som følgje av endringane får redusert auken med 2/4 i 2025.

Dei samla fordelingsverknadane av nytt inntektssystem er korrigert for feil i kriteriet vedlikehaldsbehov for fylkesveg i 2024, jf. omtale i *Kommuneproposisjonen 2025* (Prop. 102 S (2023-2024)). Sjå tabell B-fk for nærmere dokumentasjon av overgangsordninga.

#### **Kolonne 5 – Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning m.m.**

Kolonne 5 viser samla løying på kap. 572, post 60 i 2025, i alt 51,086 mrd. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, sakene med særskild fordeling og overgangsordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 4. Kolonnen er også vist i tabell 1-fk, kolonne 1.